



Ing. K. Dømbe
Fanaveien 221C
5239 RÅDAL

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/3430 - 17/9307

Saksbehandlar:
Trygve Solberg
Trygve.Solberg@lindas.kommune.no

Dato:
23.03.2017

Løyve til igangsetting - gbnr 134/14 m.fl. Hilland

Administrativt vedtak. Saknr: 136/17

Tiltakshavar: Per Gunnar Litleskare

Ansvarleg søkjar:

Søknadstype: Søknad om igangsetting av tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl) §§ 20-1 og 20-3, jf. § 21-2, 5. ledd.

Tiltak

Saka gjeld søknad om igangsetting av grunnarbeid og landskapsutforming for etablering av veg . Kommunen har i vedtak av 07.01.2015 gjeve rammeløyve. Det vert elles vist til innsendte søknad om igangsetting.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 17.01.2017 og frist for sakshandsaming etter forskrift om byggesak (SAK 10) § 7-1, 1. ledd, bokstav b, er 3 veker frå denne dato, jf. SAK 10 § 7-2.

VURDERING

Ansvarsrettar og tiltaksklasse

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn og godkjenner tiltaket i tiltaksklasse 1.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1 , jf. § 21-2, 5.ledd vert det gjeve løyve til igangsetting for heile tiltaket, etablering av veg på følgjande vilkår:

1. Rammeløyve av 07.01.2015 med vilkår gjeld for tiltaket.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan



fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 14/3430

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at tiltaket vert etablert i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at rammeløyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar byggesak

Trygve Solberg
sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Advokat Roald Helgesen	Storebotn	5309	KLEPPESTØ
	Næringspark 55G		
Arne Johan Sagen	Radøyvegen 85	5911	ALVERSUND
Leif Joahn Larsen	Gangstøvegen 34	5911	ALVERSUND
Per Gunnar Litleskare	Kråkeneset	5911	ALVERSUND

Mottakarar:

Advokatfirmaet Harris DA	Postboks 4115	5835	BERGEN
Ing. K. Dømbe	Fanaveien 221C	5239	RÅDAL